



Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1974 - 18/36078

Saksbehandlar:

Dina Dyrhovden

dina.dyrhovden@lindas.kommune.no

Dato:

30.11.2018

Referat frå møte 27.11.18

Desse møtte: Sølvi Vetås, Leif Bjørnar Hopland, Pål Presttun, Magne Hetlebakke, Rolf Fløtre Skogedal, Line Merete Valle og Dina Dyrhovden.

Skyskontakt orienterte kort om bakgrunnen for at det vart invitert til møte på Alversund skule.

Mål for møtet: Kome saman og sjå på kva me, - kvar for oss og saman, kan gjere for å unngå ulukker.

Presentasjonsrunde.

Sak 1: Trafikksituasjonen ved Alversund skule

Møtedeltakarane hadde førebudd seg til møtet. I runde rundt bordet kom dette fram:

Kva fungerer godt?	Kvifor?
FAU: Foreldreparkering, reflekskampanje	Alversund skule har ein eigen trafikkfiskringsplan som er godt kommunisert. Trafikksikringsgruppa i FAU er engasjerte og har eigne aksjonar.
Nettbuss: Lite dødinkelproblematikk for buss-sjåføren, oversiktleg kor elevane er.	Den einaste skulen der transportøren leverer elevane nesten rett inn i korridoren
Lindås kommune, eigedom: Det er godt kjent korleis trafikkavviklinga skal føregå.	Skulen er flink til å repetere informasjonen
Rektor: Trafikksikringsarbeidet på skulen	Det er ein Kommunal trafikksikringsplan. Det er utarbeidd eigen trafikksikringsplan for Alversund skule. Vaksne som har klart

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



	definerte oppgåver og har kontroll på elevane i «sitt» område. Terpar med foreldra.
Kva må bli betre?	Korleis?
<p>FAU:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bussar som står i rundkøyringa og ventar. Sperrar for foreldre som er innom og leverer sine barn. Skaper ryggesituasjonar. • Tilkomst for elevar som kjem frå Hillandfeltet. Går gjerne mellom pumpene på bensinstasjonen. <p>Skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utfordrande situasjonar i rundkøyringa der gåande, personbilar og bussar er samstundes • Trafikkflyten • Fløyting – aggressiv trafikkåtferd • Parkering for tilsette: Køyrrer inn – oppdagar at det er fullt – ryggar ut att og skaper farlege situasjonar • Bilar står parkert uheldig og hindrar trafikkflyten <p>Transportør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utfordrande når foreldre parkerer i rundkøyringa. Denne er stoppestad for skuleskyss og ordinære ruter og fungerer som snu-sløyfe for bussar. • Foreldre som nyttar busslomma oppom skulen/gangbrua for å sleppe av sine barn 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan bussane vente andre stader? T.d. på busslomma før? • Snarveg/sluse, gruse ein snarveg m/lys • Sjå på korleis dei ulike trafikkantane skal vere i rundkøyringa • Felles forståing • Snakke med dei som har slik åtferd. Oppmode om å legge inn litt meir tid. • Nytte parkeringsplassen ved kyrkja. Det tek 2,5 minutt frå ein går frå bilen til ein tek i døra ved inngang H. • Oppmode om å legge inn meir tid for å ha tid til å parkere på andre sida og nytte overgangen. Nytte parkeringsplassen ved kyrkja. Det tek 2,5 minutt frå ein går frå bilen til ein tek i døra ved inngang H • Bli samde om kor bussar og bilar skal vere • Informere tydeleg om reglar for busslommer

Me gjekk så til pauserommet der det var oversikt over det aktuelle området, såg på og drøfta ulike løysingar.

Sak 2: Vidare arbeid

I drøftinga vart me samde om dette.

Mål	Tiltak	Ansvar	Frist/evaluering
Trygg skuleveg for elevane på Alversund skule.	<ul style="list-style-type: none"> Undersøke om vi kan setje opp skilt med parkering forbode, kun av- og på stiging. Undersøke om vi kan snevre inn og justere utforming av øya i snu-sløyfa. Merke opp kvar buss skal stå. Sjå på om det er mogeleg å endre plassering på mobile bosspann for enklare plassering for buss Informasjon til bussjåførar om å unngå pausar i snu-sløyfa Informasjon til foreldra om ikkje å bruke busslommer til av- og påstiging Halde fram det gode arbeidet frå skulen på trafikksikring 	<ul style="list-style-type: none"> Line Valle Line Valle Leif Bjørnar Hopland Pål Presttun Sølvi Vetås Leif Bjørnar Hopland 	Det vart ikkje sett frist, men det er behov for å få gjort tiltaka så snart råd.

Sak 3: Eventuelt

Pål Presttun sa at det er viktig og rett at skulen sine vaktar har dialog med sjåførane som er på staden. Dersom det er uheldige situasjonar bed Nettbuss om å få informasjon om dette.

Det vart ikkje avtala nytt møte for oppfølging. Dersom behov melder ein dette til Dina Dyrhovden, som kallar inn.

Takk til alle for konstruktivt møte.

Med helsing

Dina Dyrhovden
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.